

**Saksutgreiing:**

Det er i dokument stempla motteke 06.03.07 søkt om igangsettingsløyve for omsøkt kaianlegg. Saman med søknaden er det vist nivå på planert område, og lagt ved detaljteikningar av kaien. Det er søkt om ansvarsrett frå foretaket Entreprenør Knut Rønhovde for utføring og kontroll av mur- og betongarbeidet, og personleg ansvarsrett frå Geir Erdal for utføring og kontroll av muringen av kai med maskin.

**Vurdering:**

Administrasjonen har vurdert søknaden om igangsetting og har ikkje merknad til den, utover at personleg ansvarsrett kan gjevast i medhald av § 17 i GOF, i særlege tilfelle. Personen det gjeld i dette tilfellet meiner administrasjonen har tilstrekkeleg kompetanse i medhald av forskrifta om godkjenning av ansvarsrett (GOF), for omsøkt tiltak.

**VEDTAK:**

”Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova sin § 93 og 95a løyve til igangsetting av omsøkt kaianlegg i samsvar med søknad stempla motteke 06.03.07.

Ansvarsrettar vert godkjent, jf plan- og bygningslova sitt kap XVI om ansvar og kontroll m.m. og forskrift om foretak for ansvarsrett.

Vedtaket er gjort med heimel i Plan- og bygningslova, og etter delegert fullmakt frå rådmannen.”

*Om rett til å klaga, sjå vedlagde orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd)*

**Rett utskrift**

**Dato:**

**Kopi til:**

Bygg og Tømrerservice v/ Kjell Helgesen  
Entreprenør Knut Rønhovde